



KS Sogn og Fjordane

KOMM. OG REG. DEP	
14 FEB 2005	
0412771-1	
Ark:	013
Avd:	RA 1 SSA 1 H/AE

Vår ref.
05/78-5

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Knut O. Aarethun

Directenr
57 64 12 16

Arkiv
K1-000

Dato:
25.01.2005

LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER - FRÅSEGN

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

FS-012/05 VEDTAK:

Framlegg til uttale frå arbeidsgruppa vart samrøystes vedteken.

.....


LÆRDAL KOMMUNE

Høyring på Distriktskommisjonen si innstilling – Lærdal kommune

NOU 19:2004 Livskraftige distrikter og regioner.

Innstillinga frå Distriktskommisjonen viser at det er mogleg med ein meir offensiv distrikts- og regionalpolitikk. Innstillinga dokumenterer at Noreg har eit stort handlingsrom i distriktspolitikken. Det er opp til norske politikarar å ta heile Noreg i bruk, gjennom ei aktiv tilrettelegging for å utløyse det verdiskapingspotensialet som finst i alle deler av landet.

1.

Lærdal kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon står bak. Regionalpolitikken må vere tilpassa føresetnadene og behova i den enkelte region. Ein målretta distriktspolitikk må kome i tillegg til regionalpolitikken. Distrikts- og regionalpolitiske målsetjingar og resultatkrav må på nytt bakast tydelegare inn i sektorpolitikken. Dei ulike sektorane må sjåast meir i samanheng enn i dag.

2.

Innanfor dei ulike sektorane (pkt 7.4.3) vil Lærdal kommune:

-tilrå at prinsippet om "vern gjennom fornuftig bruk" vert lagt til grunn som forvaltingsprinsipp i verneområde, og at det vert opna for regionale tilpassingar og prioriteringar innanfor arealvern og bruk av arealressursar.

- støtte mindretalet sitt framlegg som peikar på at rovdyrpolitikken i større grad enn i dag må ivareta bygdene sine behov for å utnytte lokale utmarksressursar.

-dersom produksjonstilskota for landbruket vert redusert ser Lærdal kommune det som viktig at det samla aktivitetsnivået i distrikta vert halde oppe ved å auke innsatsen for generelle tiltak som til dømes bygdeutvikling.

- Lærdal kommune sluttar seg til Distriktskommisjonen sitt framlegg om å gjere det enklare å starte opp foredling og omsetting av lokale råvarer.

- støtte dei samrøystes/fleirtalstilrådingane innanfor sektorane reiseliv, elektrisk energi, industri, petroleum, tenesteytande "nye" næringar og lokalisering av offentleg verksemd. Lokalisering av statlege, regionale og kommunale arbeidsplassar bør brukast aktivt for å tilføre lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av arbeidsplassar, kompetanse og fagmiljø.

- støtte Distriktskommisjonen sine tilrådingar om at dei viktige inntektene frå kraftproduksjon som i dag tilfell kommunar og fylkeskommunar gjennom eigedomsskatt, konsesjonsavgifter og konsesjonskraft òg i framtida skal kome kommunane til gode.

Lærdal kommune støttar tilrådingane i høve auka innovasjon og nyskaping (pkt 7.4.4) Ein vil særskilt påpeike det viktige i å vidareutvikle høgskulane og dei regionale forskingsmiljøa og å sikre grunnlag for ein entreprenørskapskultur på alle trinn i utdanningsløpet. Kommunen støttar Distriktskommisjonen si samla tilråding i høve kapitaltilgang i distrikta.

Lærdal kommune støttar fleirtalstiltrådingane i pkt 7.4.5 og vil spesielt understreke kravet om å få balanse i kommuneøkonomien. Inntektsystemet til kommunane må ta utgangspunkt i at distriktskommunar skal kompenseras for ekstra kostnader i høve demografi og avstand (utgiftsutjamning).

Alle kommunar må framleis vere generalistkommunar, men kan spesialisere seg gjennom samarbeid om oppgåveløysing.

Lærdal kommune støttar dei samrøystes tilrådingane i høve samferdsle og annan infrastruktur (pkt 7.4.6), og vil spesielt understreke at det offentlege må ta ansvar for å få bygd ut IKT-infrastruktur i heile landet.

Ferjene må på sikt bli gratis.

Lærdal kommune støttar geografisk differensierte verkemidlar og vil spesielt påpeike Distriktskommisjonen og Effektutvalet sine tilrådingar om at den smale distriktpolitikken må tilførast meir økonomiske ressursar.

Arbeid med småsamfunnsutvikling bør vera ei viktig oppgåve for det etablerte virkemiddelapperatet.

Lærdal kommune vil slutte seg til Distriktskommisjonen si målsetting om særleg å satse på attraktive bu- og arbeidstilhøve for kvinner og ungdom i distrikta.

Lærdal kommune viser til Effektutvalet (NOU 2004:2) si påpeiking av at innsatsen på dei distriktpolitiske områda er sterkt redusert på dei fleste område dei siste ti åra.

Utvikling av livskraftige distrikt og regionar må sjåast som investering for framtidige inntekter i vår nasjonale økonomi.

Råmene for den smale distriktpolitikken må difor aukast og distrikts- og regionalpolitiske mål må gjevast økonomisk oppfølging i sektorpolitikane.

3.

Det lokale sjølvstyret må grunnlovsfestas.

4.

Dei oppgåvene og verkemidla som er avgjerande for den regionale utviklinga må ligge på regionalt nivå.

Lærdal kommune viser til Fylkestinget i Sogn og Fjordane sitt vedtak av desember 2004 om at fylkeskommunane på Vestlandet - i regi av Vestlandsrådet - saman bør utarbeide eit framlegg til innhald for "eit sterkt regionalt folkevald nivå".

Denne tek mål av seg til ei ytterlegare presisering av framtidig oppgåveportefølje som må ligge til eit sterkt regionalt folkevald nivå.

5.

Det er ein føresetnad at mynde og midlar må følgje oppgåvene, slik at regionar og kommunar vert i stand til å ivareta sitt ansvar. Dette vil, for dei ulike oppgåvene, variere med omsyn til totalansvar, bestillaransvar og samordningsansvar.

6.

Lærdal Kommune vil streke under at nærleiksprinsippet - at offentlege avgjerder vert teke så nær dei det vedkjem som mogeleg - bør leggest til grunn for oppgåvefordelinga.

Dei oppgåvene som kan leggest til kommunane bør desentraliserast.
Det er viktig at kommunane får eit økonomisk grunnlag til å kunne vere ein aktiv utviklingsaktør.

7. Lærdal kommune meiner det sterke folkevalde nivået skal vere eit einskapsfylke innanfor nåverande fylkesgrenser.

Om regioninndelinga i framtida skal endrast, med sikte på eit styrka regionalt direkte folkevalt nivå på bekostning av statleg mynde, skal dette berre skje etter grundig debatt i dei berørde kommunar og gjeldande fylkeskommunar.

Som ledd i den lokalpolitiske debatten kan folkerøysting vere eit eigna verkemiddel.

Staten si rolle i prosessen vil vere å klargjere oppgåvefordelinga mellom statleg og regionale nivå.

Særmerknad frå Noraly Distad:

I forhold til pkt. 4, 5 og 7: Det er mest føremålsteneleg med 2 forvaltningsnivå, stat og kommunar.

Lærdal / - 05

Knut O Aarethun
ordfører
Lærdal kommune